

Spelet om  
Søstrene Mel og

# SJØORMEN

# Prosjektskisse 2022

Søstrene Mel vart skipa som ei idealistisk foreining den 9. november i 2020.

I 2022 vart foreininga omgjort til eit aksjeselskap.

Selskapet er ein sjølvstendig, frittstående og upolitisk organisasjon med adresse i Hornindal.

## Mål for prosjektet:


Søstrene Mel AS har som føremål å vere ein institusjon for talentutvikling i regionen, og å styrke sysselsetting innan kultursektoren i Hornindal, og elles i Volda kommune gjennom Spelet om Søstrene Mel og Sjøormen. Dette for å blant anna bidra til å gjere både bygda og kommunen til eit attraktivt reisemål.

## Målsettinga er å:

- Arbeide for å gjere spelet om Søstrene Mel og Sjøormen til eit sterkt og varig merkevarenamn som skal assosierast med Hornindal og Volda, der kultur og oppleving står i sentrum.
- Skape ein varig sommaraktivitet som er attraktiv for barnefamiliar frå heile landet.
- Skape stoltheit og identitet rundt det å vere frå ei bygd og såleis styrke sysselsettinga innan kultursektoren i nærmiljøet.



Fanne Mel



Gause Mel



Løde Mel



Raude Mel

## Visjonen

Søstrene mel ønsker å skape eit heilt nytt kulturtilbod til barnefamiljar.

Dette tilbodet skal gje publikum ei heilafantasi familieframsyning ved Hornindalsvatnet i Groparken, der dei vil få høve til å møte sjølvaste Sjøormen!

Dette er eit prosjekt som femnar breitt om den nye regionen; Stranda, Volda, Stryn og Stadt kommunar. Prosjektet skal bidra til å skape eit engasjement på tvers av kommunegrensene. Eit slikt samarbeid over kommunegrensene vil kunne stimulere både barn, unge og vaksne si interesse for ulike kulturaktivitetar, og skape nye samarbeidsrelasjonar på tvers av kommunegrensene.

Spelet vil også kunne bidra positivt til den regionale reiselivssatsinga, sidan interessa for historiske utespel i Noreg er blitt stor, og mange kjem langvegsfrå for å sjå desse spela. Dette bidreg til auka etterspurnad for reiselivsaktørane i regionen, og auka bu-lyst for folk frå alle dei medverkande kommunane.

Spelet om Søstrene Mel og Sjøormen vil bidra til å marknadsføre regionen som reiselivsprodukt, jamfør t.d. Gåå-spelet på Vinstra eller Giskespelet i Ålesund. Det viser seg at utespel gjev gode økonomiske ringverknadar for lokalt næringsliv.

Giskespelet er til dømes berekna å ha økonomiske ringverknadar for lokalt næringsliv på ca 1,5 mill. kr. (Østlandsforskning, Ringverknadar av kulturnæringar i Møre og Romsdal)

Den næringsmessige visjonen er å bygge opp Søstrene Mel som eit sterkt merkevarenamn, som skal assosierast med Hornindal og Volda, kultur og opplevingar. På sikt er målsettinga at dette skal bli ein sommaraktivitet som finn stad anna kvart år ved Hornindalsvatnet, og at ein tek turen dit blant anna for å oppleve denne førestillinga. Dette vil ha positive ringverknadar for næringslivet. Når folk først har reist hit for å sjå spelet, vil nok mange ha ønskje om å oppleve meir av alt denne regionen har å by på.

Eit slikt prosjekt vil dessutan medverke til auka mangfald i aktivitetstilbodet i regionen, noko som vonleg vil bidra til auka attraktivitet, og såleis rekruttering av tilflytting.

Sosiale og kunstnariske aktivitetar vil skape gode og mangfaldige samarbeidsarenaer, noko som vil vere positivt for folkehelsa, så vel som næringslivet i regionen.

Produksjonen ønskjer å styrke den lokale, kulturelle sysselsettinga, samstundes som ein vil utveksle kompetanse og inspirasjon med andre kulturinstitusjonar. Til dømes gjennom kostymedesign, filmproduksjon, koreografi, lyd og lys, scenografi mm.

## Om prosjektet

Initiativtakar og manusforfattar Torunn Lødemel Stokkeland, har sidan 2017 leika med ein ide om å skrive ei familieframsyning til Groparken i Hornindal. Draumen er å lage ei utandørs familieframsyning som kan spelast i kveldsskumringa på seinsommaren.

Utespelet skal innehalde både song og musikk, og Torunn har vore so heldig å få med seg Aleksander Rafevold som musikkprodusent. Eit av måla med spelet er at det skal vere ein institusjon for talentutvikling i nærmiljøet og på tvers av kommunegrensene. Prosjektet skal gje lokalsamfunnet og regionen ei anledning til å møtast på tvers av generasjonar og profesjonar, og på den måten skape nye relasjonar i høve samarbeid, utvikling og innovasjon.

Etter planen skal spelet ha med seks profesjonelle skodespelarar og tretten lokale amatørskodespelarar, pluss statistar. I tillegg vil det sjølvstøtt vere mange både frivillige og profesjonelle aktørar som vil medverke i eit så stort prosjekt, der alt skal byggast opp frå «scratch».

Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med fleire aktørar, blant anna Foreininga «Grobygget», som for tida er inne i ein stor prosess med revitalisering av anlegget sitt som vil vere lokasjonen der spelet skal halde stad. Anlegget deira ligg heilt ved vasskanten av Hornindalsvatnet, med scene og ein koseleg park tilgjengeleg.



*Anlegg med utsyn til Hornindalsvatnet*

Kvifor treng vi forteljinga om sjøormen?

Korleis kan ein sjøorm som lever i den djupe innsjøen, engasjere og pirre fantasien til små og store i vår tid?

Korleis kan nærværet til ein sjøorm auke vår respekt til naturen?

Ved å halde liv i myta om den, og fortelje om korleis vår forsøpling påverkar livet i naturen, kan vi kanskje indirekte plante eit ønske om å glede sjøormen i staden for å ergre den?

Vi treng alle slike påminningar knytt til miljø- og naturvern, og ved å kople dette til både historiske, så vel som mytiske perspektiv vil det vonleg både underhalde og fenge, og ikkje minst skape refleksjon og ettertanke. Og vi treng både å bli engasjerte og reflekterte i kampen for miljøet vårt!



*Ein av vinnarane i sjøormkonkurransen.*

## Ramma for spelet

I bygda Hønndalen er søstrene Mel eit kjent innslag i bygda. Dei er SUSS; smarte, unge, sterke og stilige. Søstrene heiter Fanne, Gause, Løde og Raude Mel. Raude har akkurat kome heimatt frå Universitetet, og har valt å kalle seg Tomas Gard etter utdanninga si. Alle fire kjem frå ein familie som har drive den lokale mølla på Kvernhusaugen i mange generasjonar. Dei tek nok livet meir med ro enn tidlegare generasjonar når det kjem til mølledrift, men søstrene har ein merkeleg tendens til å ramle over mange og rare mysterium.

Denne sommaren kjem søstrene Fanne, Gause og Løde tilbake frå båttur på Hønndalsvatnet, der dei har møtt sjølvaste Sjøormen!

Når Raude (eller Tomas, om du vil) og professor T. Våge (Raudes mentor, og forfattar av boka «Overtru og fabeldyr i bygde-Noreg») høyrer kva systrene fortel om sjøormen, så trur dei slettes ikkje på historia deira, og det går etterkvart ein viss prestisje i å avkrefte at det faktisk er ein levande sjøorm i Hønndalsvatnet.

På den lokale samlingsplassen «Kro Ken», som er drifta av Gro Dås, ( den lokale «BarbieBitchen»), møtast bygdefolket, og diskusjonen går om kor vidt ungdomane verkeleg såg det dei fortel om. Der møter vi blant anna Støver Stein og Kong Svik, dei to rundbrennarane i bygda, Lille Støl, avdanka fotballhelt, men no gymlærar/trenar,



*Illustrasjon av den lokale samlingsplassen «Kro Ken»*

eventyraren Raffe Vold (ei som ingen har tru på), brørne Horn (ekstremisten Ytre og Kirk som har vore i sjølvaste Amerika), aleinemora Brende Fur og bloggaren Navel Saker mfl.

I andre akt er vi nede på botnen av Høndalsvatnet i Sjøormens rike....


Manuset tek utgangspunkt i lokale myter og sagn, og er meint å vere eit bidrag til å styrke lokal identitet og å framelske både bygdelivet og bygdeoriginalar. Bygdeuniverset «Høndalen», er basert på Hornindal, der alle rollenamna er basert på stadnamn i regionen.

## Sjøormen

Det har vore mange forteljingar om folk som har sett sjøormen i Hornindalsvatnet. Denne gongen får

vi møte ei nokså ny utgåve av ormen. Nemleg ei som vil gjere det beste ut av tilvære på botnen av Høndalsvatnet, og som eigentleg ønskjer mest å vere i fred. Ho samlar på gamle bilvrak og diverse anna skrap, som vi veit har vore dumpa i vatnet for lenge sidan. Ho pyntar hola si med teikningar av seg sjølv som ungar i bygda har teikna. Ja, for det hender ho tek seg ein tur ut i Høndalen når det er mørkt, for å sjå seg rundt, og teikningar ho då finn, tek ho med seg ned i hola si. Ormen er slettes ikkje glad for at menneska forsøplar vatnet og naturen, så ho ser det litt som si oppgåve å rydde litt opp nede på sjøbotnen.

I august 2021 arrangerte Søstrene Mel ein nasjonal teiknekonkurrans for å få innspel til utforminga av sjøormen. Det kom inn mange flotte teikningar, og det vart trekt ut to vinnarar, Begge kunstverka prydar denne prosjektskissa vår.



Ein av vinnarane i sjøormkonkurransen.

## Spelet sin lokasjon

Spelet skal som tidlegare vist til setjast opp i Groparken mellom Grobygget og Hornindalsvatnet.

Foreininga Grobygget stiller Groscena til disposisjon for spelet.

Denne skal innreiast som hola til sjøormen.



*Dronefoto Groparken Groscena*



## Folkemøte i Grosalen

Mange møte på informasjonsmøte i november 2021 for å høyre meir om Spelet om Søstrene Mel og Sjøormen. Ei særleg takk til Morten Bollerud og Arild Andenes for ei fantastisk musisk forteljing om vekkinga av sjøormen.



**Søstrene Mel AS**

Org.nr. 929 963 377

Grendavegen 15

6763 Hornindal

[post@sostrenemel.no](mailto:post@sostrenemel.no)

[www.sostrenemel.no](http://www.sostrenemel.no)

Telefon: 932 22 598

Takk til våre sponsorar og bidragsytarar.

Andre kontaktpersonar i høve Spelet om Søstrene Mel og Sjøormen:

Produsent: *Jan Terje Eidset*, telefon: 478 56 279

Regi og manus: *Torunn Lødemel Stokkeland*, telefon: 932 22 598

Styreleiar: *Arild Andenes*, telefon: 400 88 209

Økonomi: *Håkon Räftevold*, telefon: 971 66 123